

Kommunale retningsliner knytt til "Nasjonal forskrift for bruk av motorkjører i utmark og på islagde vassdrag"

Følgjande kommunale retningsliner knytt til "Nasjonal forskrift for bruk av motorkjører i utmark og på islagde vassdrag" §§ 3, 5, 6 og 7, 1. ledd, vert gjort gjeldande frå 15.12.2011, jf. sak 121/2011 i kommunestyret.

1. Sårbare område

Inngrepsfrie område skal skjermast mot snøskutertrafikk, det same gjeld for område med få eller ingen hytter/andre bygningar. I enkeltsaker skal det takast omsyn til trekkvegar, beite- og kalvingsplassar for elg og hjort, samt andre viltinteresser. Det skal også takast omsyn til ev. friluftsinteresser.

2. Traséval

Transport skal i størst muleg grad føregå langs ubrøyta veg og etter kortast muleg trasé mellom bilveg og endepunkt for transporten. I område der snøskuterkjøring skjer regelmessig, bør ein legga vekt på å nytta faste traséar som er til minst muleg blempe for naturmiljø og friluftsliv.

3. Varighet

Ev. løyve etter §5a-e vert gitt for inntil 4 år om gangen (følgjer kommunestyreperioden). Det må søkast på nytt ved starten av kvar kommunestyreperiode.

4. Ervervsmessig kjøring (leigekjøring) § 5a

Følgjande kriterium skal vektleggast for vurdering av tildeling av løyve:

1. Nord-Aurdal kommune skal føra ei restriktiv haldning og vektlegga behovsprøving ved tildeling av løyve for næringsmessig leigekjøring med snøskuter.
2. Ein skal söka å oppnå ei rimeleg geografisk fordeling.
3. Løyveinnehavarar som sökjer på nytt, skal prioriterast framfor nye sökjarar, dersom løyvet ikkje er nytta på klandreverdig måte.
4. Det vert i utgangspunktet berre tildelt løyve til personar som kan utføra ervervsmessig transport.
5. Ved tildeling av løyve for leigekjøring, skal dei som alt har snøskuter, og brukar den i t.d. næring, prioriterast.
6. Sökarar som kan visa til at løyvet har vesentleg å seia for eiga næring.
7. Manglande og for sein innlevering av kjøyreboker til rett tid (jf. punkt 6), tel ikkje positivt ved ny söknadsrunde og vurdering av tildeling av nye løyve.
8. Mangelfull/ufullstendig utfylling av kjøyreboker tel ikkje positivt ved ny söknadsrunde og vurdering av tildeling av nye løyve, jf. punkt 6.

5. Leigekjøringsløyve

Områdeavgrensinga av enkeltløyve tek utgangspunkt i etterfølgjande inndeling, men utgangspunkt for leigekjøringsløyvet må spesifiserast i söknaden samt at det må vera med ei nærmere omtale av kva område det er aktuelt å kjøra i.

*Retningsliner for tildeling av snøskuterløyve,
01.12.11*

Område	Antal løyve
Skrautvål heimås/sameige	3-6
Månoåsen/Ranheimsåsen	2
Aurdalsåsen	1
Bjørgoåsen	1-2
Ulnes heimås/sameige	3-5
Svennes heimås/sameige/Åbjøråsen	2-3
Hovda/Svennes sameige vest for Tisleia	1
Vestringsbygda sameige/Liaåsen	2

1. Kvar enkelte leigekøyrar må forplikta seg til å ta på seg transportoppdrag "til ei kvar tid".
2. Leigekøyringsløyve vert i all hovudsak tildelt samla ved starten av kvar kommunestyreperiode. I dei områda det er "ledigheit" på grunn av lita interesse/mangel på søknadar, vil likevel løyva kunna tildelast etter kvart som søknadar kjem inn og desse elles oppfyller gitte krav og kriterium.
3. Løyvet er personleg, men kan for eit kortare tidsrom overdragast til ein annan person etter fullmakt. Vedkomande må normalt ha med skriftleg fullmakt frå løyvehavar som kan visast fram ved kontroll. Ved spesielle situasjonar kan ein akseptera stadfesting per SMS el.l.
4. Avgrensinga av enkeltområde for løyve må vurderast etter skjønn i kvart enkelt tilfelle, og kan overlappa med naboområde.
5. Behovet for ervervsmessig transport i området må vera reelt. Dersom behovet fell bort eller viser seg å vera minimalt t.d. på grunn av brøyting av nye og eksisterande vegar, vil løyvet kunne bli trekt tilbake og nye søknader om løyve bli avvist.
6. Talet på løyve skal på sikt reduserast i retning lågaste tal i kolonne 2.

6. Køyrebok

Det skal førast logg over kvart enkelt transportoppdrag. Dato for transport, type transport og strekning skal gå fram. Oppdragsgjevar skal så sant muleg kvittera når oppdraget er utført. Namn og telefonnummer og/eller adresse til vedkomande skal uansett førast opp. Kommunen har ei standardkøyrebok som skal fyllast ut, og denne blir sendt med ved løyvetildeling.

Køyreboka skal leverast kommunen 15. mai **ÅRLEG** utan vidare oppmoding om levering.

7. Grunneigar

Grunneigar må gje løyve til køyring på sin eigedom før køyring kan finna stad på den respektive eigedom, jf. § 10 i motorferdsellova.

8. Delegering

Avgjerd av søknader i tråd med §5 vert delegert til rådmannen.

Søknader etter nasjonal forskrift § 5 bokstav b-d skal vurderast restriktivt.

9. Andre forhold

1. Transporten skal føregå innanfor rammene av inngått avtale.
2. Det vert skrive ut køyrebevis som alltid skal vera med under køyring og visast fram ved kontroll.
3. Endring av registreringsnummer på snøskuter skal meldast kommunen snarast.

10. Vedlegg

- a) Oversikt over køyring som det må søkast om løyve til.

KØYRING DET MÅ SØKAST OM LØYVE TIL

(Jf. "Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag"(NF))

§ 5 a Leigekøyring

Fastbuande som treng tilleggsnæring, kan søka om løyve til å ta på seg følgjande transportoppdrag for andre:

Transport mellom bilveg og hytte

Tilsyn med privat hytte på oppdrag av eigar

Transport for massemedia på reportasjeoppdrag

Transport for funksjonshemma

Transport av ved

Transport som det er gjeve løyve til etter § 6 (sjå under).

Det kan berre gjevast løyve til transport av "materiell og utstyr".

Rundskriv T 6/09 om endringar i NF: "*Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av motorkjøretøy til transport av materiell og utstyr i forbindelse med utmarksnæring. Som utmarksnæring regnes drift av utleiehytter, næringsmessig høsting av naturgoder, turist- og reiselivsnæring, leting og undersøkelse av mineralske ressurser mv., forutsatt at virksomheten er registrert i Enhetsregisteret*".

§ 5 b Køyring for funksjonshemma

Gjeld køyring med eigen snøscooter for varig funksjonshemma personar. Legeattest som ikkje er eldre enn 1 år skal sendast inn ved søknad om løyve.

§ 5 c Transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte

Transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ligg minst 2,5 km frå brøyta bilveg, når det i området ikkje er høve til leigekøyring. Dispensasjon kan berre bli gitt til hytteeigarar og den nærmaste familien (t.d. ektefelle og barn). Andre enn desse, også slektingar, må søka om dispensasjon etter §6 i forskrifta. Paragraf 5 gjeld heller ikkje besökande på foreningshytter. Det vil heller ikkje kunne tillatast køyring til hytter med fleire eiggarar etter denne paragrafen.

Det er berre transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som kan tillatast; ein kan ikkje gje løyve til alminneleg persontransport. Når det er gitt løyve til transport av bagasje og utstyr, kan likevel personar sitta på, når det er plass til det saman med bagasjen. Det er ein føresetnad at passasjertransporten ikkje må medføra ekstra køyring. Er det behov for rein persontransport, t.d. på grunn av alder eller helse, må det søkes om løyve etter § 6.

§ 5 d Køyring i utmarksnæring for fastbuande

Kjem inn under §5a, jf. rundskriv T 6/09 om endringar i NF.

§ 5 e Transport av ved

Transport av ved utover det som følgjer av §3, 1. ledd, bokstav g i NF ("Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttes til nødvendig transport av ved fra egen eiendom til fast bopel").

*Retningsliner for tildeling av snøskuterløyve,
01.12.11*

§ 5 f Gruppeturar på snødekt mark for bebuarar på helse - og omsorgsinstitusjonar, medlemmar av pensjonistforeiningar eller forflytningshemma. Turane må vera i regi av helse- og omsorgsinstitusjonar eller ideelle organisasjonar.

§ 6 Andre unnatak

Kommunen kan i unntakstilfelle gje løyve til køyring dersom søkeren påviser eit særleg behov som ikkje knyter seg til turkøyring og som ikkje kan dekkast på annan måte.

Bestemmelsen skal tolkast strengt og følgjande vilkår må vera oppfylt før ein ev. dispensasjon kan gjevast:

1. Søkaren må påvisa eit særleg behov
2. Behovet må ikkje knyta seg til turkøyring
3. Behovet må ikkje kunna dekkast på annan måte
4. Behovet må vurderast mot mulege skader og ulempar utifrå eit mål om å redusera motorferdsla til eit minimum.